

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: onsdag 24. februar 2016
Tid: kl. 15.00
Stad: Vindafjord Rådhus, Ølen

Forfall melder du til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 95 98 69 77, e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemer innkalla særskilt. Medlemer som meiner seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off.l.*, blir berre sende til medlemer/varamedlemer.

Rådmannen er invitert i sak 02/16

Sakliste:

01/16 Godkjenning av protokoll frå møte 02.12.15

02/16 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Teknisk sektor»

03/16 Årsmelding for kontrollutvalet 2015

04/16 Referat- og orienteringssaker 24.02.16

Eventuelt

Ølen/Aksdal, 17.02.16

Nils Terje Oma (sign.)
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sak 02/16)
Varamedlemer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	24.02.16	01/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 02.12.15

Saksvedlegg: Protokoll frå møte 02.12.15

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 02.12.15 ligg ved saka til godkjenning.

Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 02.12.15 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 17.02.16



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag 2. desember 2015 blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiding av utvalsleiar Nils Terje Oma. Han ønskte velkommen til fyrste møte i denne valperioden.

MØTESTAD:	Vindafjord Rådhus, formannskapsalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	Kl. 15.00 – kl. 17.10 inkl. pause
MØTANDE MEDLEMER:	Nils Terje Oma (Ap), Johannes Vestbø (Sp), Marit Aga Hustvedt (Ap), Gunn Haraldseid (H) og Kristian Haraldson Ressel (BBL)
FORFALL:	Ingen
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær/rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Jan G. Schmidt - KPMG AS i sakene 22 - 23/15
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Ole Johan Vierdal til og med sak 23/15, rådmann Kristian Birkeland og økonomisjef Ove Eidsheim i sak 22/15
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 18/15 KONTROLLUTVALETS ANSVAR OG OPPGÅVER

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tar gjennomgangen av utvalets ansvar og oppgåver til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 02.12.15:

Utvalssekretær gjorde greie for utvalet sitt ansvar og oppgåver. Eit medlem hadde deltatt, og fått mykje informasjon på informasjonsmøtet i Aksdal. Medlemmene stilte spørsmål undervegs.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.12.15:

Vindafjord kontrollutval tar gjennomgangen av utvalets ansvar og oppgåver til orientering.

SAK 19/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 09.09.15

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 09.09.15 blir godkjent.

Handsaming i kontrollutvalet 02.12.15:

Leiar orienterte og han hadde deltatt i møtet. Utvalet hadde ingen merknadar til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.12.15:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 09.09.15 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 20/15 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 02.12.15

27. K-styrevedtak 21.10.15, sak 84/15 - Val av kontrollutval 2015-2019
28. K-styrevedtak 20.10.15, sak 69/15 – Rapport om barnevernet
29. K-styrevedtak 16.11.15, sak 94/15 – Val av revisor for perioden 2016-2020
30. Teiepliktserklæring for kontrollutvalet
31. Reglement for Vindafjord kontrollutval – eige hefte
32. Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg for 2016
33. Evaluering - frå kontrollutvalet 2011-2015
34. Tilbakemelding frå informasjonsmøte i Aksdal 12.11.15
35. Invitasjon til haustkonferansen i Sandnes 10.12.15
36. Invitasjon til NKRF sin kontrollutvalskonferanse 3. – 4. februar 2016
37. Invitasjon frå KPMG AS– Kurs for nye kontrollutval
38. Representantskapsmøte 02.12.15, kl. 15.00 – HIM IKS
39. Representantskapsmøte 11.12.15, kl. 09.00 – Haugaland Vekst IKS

Handsaming i kontrollutvalet 02.12.15:

Leiar gjorde greie for referatsakene. Teieplikterklæringa blei underteikna på slutten av møtet. Nils Terje Oma, Gunn Haraldseid og 1. vara Anne Tone S. Andersen hadde meldt seg på haustkonferansen i Sandnes 10.12.15.

Utvalet vedtok at inntil 2 medlemmer kan reise på NKRF sin konferanse i februar. Nils Terje Oma og Kristian H. Risset ønskte å reise. Sekretariatet ordnar med påmelding.

Utvalet ønskte å koma tilbake til kurstilbodet frå KPMG. Det måtte eventuelt bli i samanheng med møtet i april. Utvalet hadde ingen merknader til dei andre referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.12.15:

Vindafjord kontrollutval tek referatsakene 27 – 39 til orientering.

Vindafjord kontrollutval vedtar å sende inntil 3 deltakarar på Haustkonferansen i Sandnes 10.12.15. Sekretariatet har meldt på Nils Terje Oma, Gunn Haraldseid og 1. vara Anne Tone S. Andersen.

Utvalet vedtar at inntil 2 medlemmer kan reise på NKRF sin konferanse på Gardermoen i februar. Sekretariatet melder på Nils Terje Oma og Kristian H. Risset. Deltakarane må sjølv bestille flybilletter.

SAK 21/15 STATUSOVERSIKT OVER UTVALET SINE PROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tar statusoversikten pr. desember 2015 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 02.12.15:

Leiar orienterte. Marit A. Hustvedt peika på at det var viktig å sjå på kva som hadde vore gjort tidlegare, nå når nye planar skulle utarbeidast. Kristian H. Resset etterlyste ein samla oversikt over utvalet sine saker på kommunen sine heimesider. Sekretær opplyste at tidligare saksdokument er lett tilgjengeleg på sekretariatet sine heimesider.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.12.15:

Vindafjord kontrollutval tar statusoversikten pr. desember 2015 til orientering.

SAK 22/15 ORIENTERING OM FRAMLEGGET TIL BUDSJETT 2016 OG ØKONOMIPLAN 2016-2019

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 og økonomiplan 2016-2019 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 02.12.15:

Rådmannen, supplert av økonomisjefen, gjorde greie for framlegget til budsjett for 2016 og økonomiplanen. Budsjettet var stramt og prega av innsparingar. Han gjorde greie for dei økonomiske forutsetningane, dei frie inntektene og store inntektspostar, ulike satsingsområde, dei store investeringane i perioden, lånegjeld, folketalsutvikling og takshefte for 2016. Medlemmene ønskte å få presentasjonen tilsendt. Rådmannen svara på spørsmål.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.12.15:

Vindafjord kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 og økonomiplan 2016-2019 til orientering.

SAK 23/15 REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2015

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tar revisor sin presentasjon av revisjonsplan for rekneskapsåret 2015 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 02.12.15:

Revisor gjorde greie for planen, samstundes som den vart vist på skjerm. Han orienterte om revisjonen sitt arbeid så langt i år. Vidare orienterte han om særskilte forhold innan kommunal sektor, risikofaktorar, kva som vil bli vektlagt i år og om ulike risikovurderingar. Revisor svara på spørsmål undervegs. Medlemmene ønskte å få presentasjonen tilsendt.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.12.15:

Vindafjord kontrollutval tar revisor sin presentasjon av revisjonsplan for rekneskapsåret 2015 til orientering.

SAK 24/15 UTARBEIDING AV NYE PLANAR FOR FORVALTNINGS- REVISJON OG SELSKAPSKONTROLL 2016-2020 – BESTILLING AV OVERORDNA ANALYSE OG PLANAR

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval bestiller oppdraget med å utarbeida ein overordna analyse, Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 og Plan for selskapskontroll 2016-2020 for Vindafjord kommune fråi samsvar med tilbodet av 24.11.15.

Handsaming i kontrollutvalet 02.12.15:

Leiar og sekretær orienterte. Utvalet drøfta tilboda frå Deloitte AS og KPMG AS.

Medlemmene meinte det var vanskeleg å velje mellom desse, men blei samde om at KPMG AS skulle få oppdraget. Dette utifrå ei totalvurdering, og at det var dei som kjende kommunen best.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.12.15:

Vindafjord kontrollutval bestiller oppdraget med å utarbeida ein overordna analyse, Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 og Plan for selskapskontroll 2016-2020 for Vindafjord kommune frå KPMG AS i samsvar med tilbodet av 24.11.15.

SAK 25/15 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2016

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Vindafjord vedtar følgjande møteplan for 2016:

MØTE	TIDSPUNKT	MERKNADER
Onsdag 24. februar	Kl. 15.00	
Onsdag 20. april	Kl. 15.00	
Onsdag 7. september	Kl. 15.00	
Onsdag 16. november	Kl. 15.00	

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 02.12.15:

Leiar orienterte. Utvalet hadde ingen merknader til møteplanen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 02.12.15:

Kontrollutvalet i Vindafjord vedtar følgjande møteplan for 2016:

MØTE	TIDSPUNKT	MERKNADER
Onsdag 24. februar	Kl. 15.00	
Onsdag 20. april	Kl. 15.00	Evt. kurs
Onsdag 7. september	Kl. 15.00	
Onsdag 16. november	Kl. 15.00	

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

EVENTUELT:

Ingen saker blei meldt.

Leiar delte ut skjema for reiserekningar. Medlemmene må sjølv syte for å levera dei inn til tenestetorget. Møtegodtgjersla vil bli utbetalt neste haust.

Neste møte: 24.02.16, kl. 15.00

Ølen/Aksdal, 02.12.15

Nils Terje Oma
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	24.02.16	02/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «TEKNISK SEKTOR»

Saksvedlegg: notat om oppfølging av rapport – frå rådmannen, datert 05.02.16

Bakgrunn:

På bestilling frå Vindafjord kontrollutval gjennomførte KPMG AS ein forvaltningsrevisjon av «Teknisk sektor» hausten 2014.

Kontrollutvalet handsama rapporten den 25.02.15. Kommunestyret handsama rapporten den 14.04.15, i sak 18/15. Vedtaket i kommunestyret var følgjande:

1. *Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om «Sakshandsaming i Teknisk sektor» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

I rapporten kom revisor har følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

- *Standard for felles sakshandsaming samt rutinebeskrivingar bør ferdigstillast og samlast i kvalitetssystemet Risk. Det same gjeld felles normer. Dette vil betre tilgjengeligheten og bidra til at saker vert handsama likt. Vidare bør ein sørge for at arbeidet blir kjent blant dei tilsette.*
- *Prosjekt "A til Å" med tilhøyrande rutine bør ferdigstillast, der ein særleg vurderer tiltak for å sikre samsvar mellom vedtak og plan, kor fleire einingar er involvert.*
- *Alle relevante saksdokument bør bli lagra på éin stad – fortrinnsvis websak.*

Saksutgreiing

I notatet om oppfølging av rapport, datert 05.02.16 har rådmannen gjort greie for korleis rapporten har blitt følgt opp. Notatet er vedlagt saka.

Rådmannen har svara på alle tilrådingane i rapporten, og han vil kunne utdjupa sine svar i møtet. Utvalet må sjølv vurdere om rådmannen har følgd opp tilrådingane på ein tilfredsstillande måte.

Rådmannen har i sitt notat gitt følgjande svar på tilrådingane:

Standard for felles sakshandsaming samt rutinebeskrivingar

Arbeid med og forbetring av innhald i kvalitetssystemet (RISK) har over dei siste 2 åra vore høgt prioritert i heile kommunen. RISK har fått ny struktur og dokumenta er betre organisert. Kvar eining har strukturert dokumenta for dei ulike fagområda. På eining Kommunaltekniske tenester (EKT) har særleg arbeid med å digitalisere og oppdatere prosedyrar og få desse inn i RISK vore prioritert. Eining Areal og forvaltning (EAF) har hatt ein gjennomgang i kvart fagområde for å få oversikt over alle gjeldande rutinar. Desse har blitt lagt inn i RISK og på fagområde landbruk og oppmåling har så godt som alle manglande rutinar og prosedyrar blitt digitalisert og lagt inn i RISK.

For fagområda plan og byggesak er det naudsynt med eit godt samarbeid mellom EKT og EAF. Det er over fleire år erfart at prosess og rutinar for desse områda må utbetrast. Det resulterte i prosjektet «Plan frå A til Å» for å sjå på heile prosessen og rutinane på ny. Prosjektet starta opp januar 2014. Ny prosess i samsvar med prosjektet «Plan frå A til Å» starta opp i mars 2015 og nye rutinar og saksgang blei lagt ut på RISK. Arbeid med normer er starta, men ikkje fullført. Når det gjeld vegnorm har Vindafjord tatt initiativ og arrangert møte med HIM-kommunane. Karmøy kommune arbeider også med å revidere si vegnorm. Ein vil arbeide vidare med desse kommunane med mål om ei felles vegnorm.

For kommunar som ikkje har vedteke eiga vegnorm, er det Statens vegvesen sine normer som gjeld. For vatn og avløp har Vindafjord kommune vedtatt VA-norm for Rogaland, med nokre unnatak. VA-norma saman med ei liste over unntaka vil bli gjort tilgjengelig for publikum via kommunen sine nettsider i løpet av våren 2016.

Når det gjeld byggesak har ein hatt to møte mellom einingane for å diskutere rutinar for byggesak, med det i sikte at ein skal kunne utarbeide sjekklistar og prosedyrar for sakshandsaminga og oppgåveflyt mellom einingane. Dette har så langt resultert i ei ny rutine og flytskjema for røyrleggarmeldingar. Når «plan frå A-Å» er i sluttfasen vil eit tilsvarende prosjekt for byggesak starte opp og framdriftsplan bli fastlagd.

Røyrleggarmeldingar skal godkjennast at EKT før EAF kan handsame aktuell byggesak. Røyrleggarmeldingar blir sendt til godkjenning til EKT som tek desse opp i faste møte. Ein går gjennom ev. tilknytning til kommunalt vatn eller kloakk, ser til at nødvendig dokumentasjon er innlevert og at ferdigmelding ikkje blir gitt før innmålingar er mottekne. Dette vil bidra til å sikre at kvaliteten på leidningskartverket til kommunen vil bli stadig betre. Det sikrar også at avklaringar i høve til om det er mogleg med tilknytning til kommunale anlegg for vatn og kloakk skjer på eit tidleg tidspunkt i byggeprosjektet.

Administrasjonen vil halde fram med årlege kurs i sakshandsaming. Eit av føremåla med dette er å etablere felles standard for saksbehandling på eit høgt nivå. Dette året vil det vera ekstra fokus på digitalt arkiv og effektiv bruk av saksbehandlarsystemet i heile prosessen. I samband med kurset (hausten 2016) skal det og utarbeidast ein enkel handbok om saksbehandlingsreglar / rutinar for kommunen.

Plan frå A til Å

Prosjektet har som mål å sikre ein god prosess heilt frå oppstartsmøte for ein reguleringsplan til første søknad om tiltak blir sendt inn til handsaming. Ny planprosess i samsvar med utarbeida flytskjema er komen i gong.

Hovudutfordringa i arbeid med planar og då særleg nye bustadfelt har vore å ha kontroll med dei ulike milepælane i planprosessen. Før ein kan byggje ein bustad i eit byggefelt må det ligge føre godkjent reguleringsplan, godkjent teknisk plan, vedtak for byggemodning av feltet og vedtak om kommunal overtaking av feltet, i den nemnde rekkefølga. Det er vesentleg at prosessen vert styrt etter desse milepælane. Planavklaringsmøta sikrar at alle involverte blir gjort ansvarleg og at kvar milepæl blir nådd før ein går vidare. Referat med konklusjonar skal føreligge på alle planavklaringsmøta.

Det er jobba mykje med at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om heile prosessen allereie på oppstartsmøte. Flytskjema og sjekklister blir levert ut til forslagstillar og det blir gitt informasjon om alle krav til prosessen. Det er i tillegg laga eit dokument som viser forventta sakshandsamingstider. Handsaming av reguleringsplanar har lovpålagte fristar, men det er nå og lagt inn sakshandsamingstider for teknisk plan. Dette vil gje langt meir føreseielege rammer for forslagsstillar.

Planavklaringsmøte – anna kvar veke

Fast oppsett møtetid som skal nyttast til oppstartsmøte for nye reguleringsplanar, overleveringsmøte og 0-møte. Møta skal og nyttast i prosessen ved utarbeiding av teknisk plan etter planvedtak. Desse møta erstattar skriftlege interne høyringar og skal sikre at representantar frå ulike fagområde i kommunen er tilstade ved dei ulike milepælane. Fast møtetid sikrar at ein har tid til å halde møte innanfor dei tidsfristar som forvaltningslova gir.

Oppstartsmøte: Møte med tiltakshavar/konsulent.

Overleveringsmøte: Møte der tiltakshavar/konsulent overleverer planforslaget eller teknisk plan

0.-møte: gjennomgang av innlevert planforslag før 1.gangshandsaming. Erstattar skriftleg intern høyring i kommunen.

Prosjektet «Plan frå A-Å» er ikkje ferdigstilt. Det står att noko arbeid med sjekklister og godkjenningbrev for teknisk plan. I tillegg må normene ferdigstillast. Prosjektet skal ferdigstillast og evaluerast for ev. forbetringar innan utgangen av 2016. Norm for leike- og uteareal vil vere på plass innan fristen, men det vil vere avhengig av samarbeidet med HIM-kommunane om vegnorm kan vere på plass. Planprosess med rutinar og sjekklister skal årleg vurderast og evaluerast gjennom RISK.

Avklaringsmøte – kvar veke

Møte mellom einingsleiar EAF og EKT for å diskutere saker og problemstillingar som angår begge einingar, eller der den eine er avhengig av kva den andre gjer.

Lagring av dokument i websak

Websak er kommunen sitt arkivsystem, og einingane nyttar dette i sitt daglege arbeid. Kommunen har frå 01.01.2016 gått over til fulldigitalt arkiv. Det er etablert ei ordning for digital godkjenning i websak som erstattar manuell signatur. Frå og med nyttår skal alle saksdokument berre registrerast i websak og arkivmapper i papir utgår. Saksdokument som kjem inn på papir skal berre oppbevarast i 3 månadar som sikkerhetskopi.

Generelt

Frå dei aktuelle einingane sitt synspunkt førte ikkje revisjonen med seg ny kunnskap om forbetningsområde, men den gav ei stadfesting på at dei prosessar ein allereie hadde sett i gong er velgrunna og naudsynte. I tida frå prosjektet starta til nå, har ein sett det som naudsynt å fleire gonger korrigere arbeidsmåtar og rutinar, etter kvart som ein får prøvd ut korleis dei fungerer i praksis. Ei slik korrigerings må påreknast også etter at prosjektet er å sjå på som avslutta.

Arbeidet med saksgang, normer og prosedyrar har vore diskutert med representantar for utbyggerar i fleire møter. Dette vil ein også halda fram med, ettersom ein ser det som verdifullt å avstemme kommunen sine saksprossar mot dei som er våre kundar. Kommunen ønskjer å få til betre kommunikasjon med byggebransjen og vil derfor etablere eit årleg bransjemøte, der dei fleste aktørane som er inne i ein byggesak vert invitert.

I revisjonsprosessen vart det tatt opp at einingane er svært sårbare i og med at det er lite overlapping av kunnskap og fagområde. Ei langtidssjukemelding kan gi store utslag for evna einingane har til å utføra god sakshandsaming innanfor dei tidsfristar som gjeld. Dette kjem ikkje fram i revisjonsrapporten.

Framdriftsplan

<i>Oppfølgingspunkt</i>	<i>Frist</i>
<i>VA-norm- med liste over unntak</i>	<i>Vår 2016</i>
<i>Sjekkliste teknisk plan</i>	<i>Vår 2016</i>
<i>Godkjenningsbrev teknisk plan</i>	<i>Vår 2016</i>
<i>Norm for leike- og uteareal</i>	<i>Haust 2016</i>
<i>Saksbehandlarkurs</i>	<i>Haust 2016</i>
<i>Interkommunal vegnorm</i>	<i>Haust 2017</i>
<i>Byggesak frå A-Å</i>	<i>Vår 2018</i>

I følge Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 12 heiter det at:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandling av rapporter skal følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

Det ligg ikkje til utvalet å fastsetje kva måte administrasjonen vel å følge opp avvik/svakheiter på, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan likevel melde vidare til kommunestyret dersom saker etter utvalet si meining ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Utvalet må sjølv vurdere om dei meiner administrasjonen har følgt opp revisor sine tilrådingar på ein tilfredsstillande måte. Utvalet må også vurdere om dei ønskjer at kommunestyret får oppfølgingssaka som ei orienteringssak eller som ei sjølvstendig sak.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vindafjord kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Teknisk sektor» til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering.

Aksdal, 17.02.16



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

INTERNT NOTAT

Vindafjord kommune

Rådmannen

Til: Kontrollutvalet

Vår ref.: 16/1690

Arkiv: K1 - 033

Dato: 05.02.2016

OPPFØLGING AV INTERNREVISJON

Saka gjeld:

I 2014 vart det gjennomført ei internrevisjon av «Teknisk sektor» i Vindafjord kommune. Revisjonen resulterte i fleire anbefalingar frå revisor. Saka omhandlar oppfølginga av desse.

Saksopplysningar:

I Vindafjord kontrollutval gjorde ein følgjande vedtak 19.2.2014:

Alternativ 1

Vindafjord kontrollutval ber KPMG utarbeide ein prosjektplan om følgjande prosjekt: «Teknisk sektor, tenesteområda areal og forvaltning og kommunaltekniske tenester».

Leiar får mynde til å godkjenne prosjektplanen etter samråd med medlemmene.

På bakgrunn av innlevert prosjektplan vart det i kontrollutvalet 14.05.14 gjort følgjande vedtak:

Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjon av prosjektet «Teknisk sektor», hovudproblemstilling 1 i fylgje vedlagte prosjektplan av 02.05.14 frå KPMG AS. Ramma for prosjektet vert sett til 220 timar.

Følgjande føremål og problemstillingar vart lagt til grunn for arbeidet:

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å kartlegge i kva grad det føreligg system og rutinar innanfor teknisk sektor som sikrar at arbeid knytt til sakshandsaming vert utført på ein tilfredsstillande måte, og vidare om sentrale målsettingar, lov- og regelverk vert fylgt.

For kontrollutvalet er det sentralt at føremålet med forvaltningsrevisjonen skal vere eit positivt bidrag til utvikling og forbetring. Forvaltningsrevisjonen skal difor legge vekt på å kome med tilrådingar om forbetringar.

Utvalet bad revisor sjå nærare på desse problemstillingane:

I kva grad har teknisk sektor tilfredsstillande system og rutinar knytt til sakshandsaming, og vert lovpålagte krav som skal sikre riktig sakshandsaming fylgt?

Ut frå desse føresetnadane vart følgjande undersøkt:

I kva grad har teknisk sektor skriftlege rutinar for sakshandsaming, og understøtter rutinar krav i regelverket?

I kva grad vert skriftlege rutinar fylgt?

Kva rutinar kommunen har som sikrar likebehandling?

I kva grad blir kommunen sine mål om effektiv sakshandsaming fylgt?

Kor effektiv er kommunen i sakshandsaminga samanlikna med andre, samanliknbare kommunar?

Kva system og rutinar har teknisk sektor knytt til handsaming av klager?

- Blir det gitt tilstrekkelig med informasjon om retten til å klage?*
- Kor stort klageomfang har teknisk sektor hatt dei siste åra?*
- Korleis vert klager handtert?*

I kva grad føreligg det ein tydeleg og hensiktsmessig arbeidsfordeling knytt til kven som skal gjøre kva?

KPMG gjekk gjennom eit utval byggesaker og plansaker, samt at dei gjennomførte intervju med rådmann, einingsleiarar og sakshandsamarar. Resultata av gjennomgangen vart vurdert opp mot relevant lovverk og rutinar. Revisjonsrapporten vart lagt fram for kontrollutvalet 25.2.2015 og for kommunestyret 14.04.2015, og hadde følgjande tilrådingar:

- Standard for felles sakshandsaming samt rutinebeskrivingar bør ferdigstillast og samlast i kvalitetssystemet Risk. Det same gjeld felles normer. Dette vil betre tilgjengeligheten og bidra til at saker vert handsama likt. Vidare bør ein sørge for at arbeidet blir kjent blant dei tilsette.*
- Prosjekt "A til Å" med tilhøyrande rutine bør ferdigstillast, der ein særleg vurderer tiltak for å sikre samsvar mellom vedtak og plan, kor fleire einingar er involvert.*
- Alle relevante saksdokument bør bli lagra på éin stad – fortrinnsvis websak.*

I KS 018/15 vart det gjort følgjande vedtak:

- 1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om «Sakshandsaming i Teknisk sektor» og tek denne til orientering.*
- 2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar.*
- 3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Oppfølging av tilrådingane:

Standard for felles sakshandsaming samt rutinebeskrivingar

Arbeid med og forbetring av innhald i kvalitetssystemet (RISK) har over dei siste 2 åra vore høgt prioritert i heile kommunen. RISK har fått ny struktur og dokumenta er betre organisert. Kvar eining har strukturert dokumenta for dei ulike fagområda. På eining Kommunaltekniske tenester (EKT) har særleg arbeid med å digitalisere og oppdatere prosedyrar og få desse inn i RISK vore prioritert. Eining Areal og forvaltning (EAF) har hatt ein gjennomgang i kvart fagområde for å få oversikt over alle gjeldande rutinar. Desse har blitt lagt inn i RISK og på fagområde landbruk og oppmåling har så godt som alle manglande rutinar og prosedyrar blitt digitalisert og lagt inn i RISK.

For fagområda plan og byggesak er det naudsynt med eit godt samarbeid mellom EKT og EAF. Det er over fleire år erfart at prosess og rutinar for desse områda må utbetrast. Det resulterte i prosjektet «Plan frå A til Å» for å sjå på heile prosessen og rutinane på ny. Prosjektet starta opp januar 2014. Ny prosess i samsvar med prosjektet «Plan frå A til Å» starta opp i mars 2015 og nye rutinar og saksgang blei lagt ut på RISK. Arbeid med normer er starta, men ikkje fullført. Når det gjeld vegnorm har Vindafjord tatt initiativ og arrangert møte med HIM-kommunane. Karmøy kommune arbeider også med å revidere si vegnorm. Ein vil arbeide vidare med desse kommunane med mål om ei felles vegnorm.

For kommunar som ikkje har vedteke eiga vegnorm, er det Statens vegvesen sine normer som gjeld. For vatn og avløp har Vindafjord kommune vedtatt VA-norm for Rogaland, med nokre unntak. VA-norma saman med ei liste over unntaka vil bli gjort tilgjengelig for publikum via kommunen sine nettsider i løpet av våren 2016.

Når det gjeld byggesak har ein hatt to møte mellom einingane for å diskutere rutinar for byggesak, med det i sikte at ein skal kunne utarbeide sjekklister og prosedyrar for sakshandsaminga og oppgåveflyt mellom einingane. Dette har så langt resultert i ei ny rutine og flytskjema for røyrleggarmeldingar. Når «plan frå A-Å» er i sluttfasen vil eit tilsvarande prosjekt for byggesak starte opp og framdriftsplan bli fastlagd.

Røyrleggarmeldingar skal godkjennast at EKT før EAF kan handsame aktuell byggesak. Røyrleggarmeldingar blir sendt til godkjenning til EKT som tek desse opp i faste møte. Ein går gjennom ev. tilknytning til kommunalt vatn eller kloakk, ser til at nødvendig dokumentasjon er innlevert og at ferdigmelding ikkje blir gitt før innmålingar er mottekne. Dette vil bidra til å sikre at kvaliteten på leidningskartverket til kommunen vil bli stadig betre. Det sikrar også at avklaringar i høve til om det er mogleg med tilknytning til kommunale anlegg for vatn og kloakk skjer på eit tidleg tidspunkt i byggeprosjektet.

Administrasjonen vil halde fram med årlege kurs i sakshandsaming. Eit av føremåla med dette er å etablere felles standard for saksbehandling på eit høgt nivå. Dette året vil det vera ekstra fokus på digitalt arkiv og effektiv bruk av saksbehandlarsystemet i heile prosessen. I samband med kurset (hausten 2016) skal det og utarbeidast ein enkel handbok om saksbehandlingsreglar / rutinar for kommunen.

Plan frå A til Å

Prosjektet har som mål å sikre ein god prosess heilt frå oppstartsmøte for ein reguleringsplan til første søknad om tiltak blir sendt inn til handsaming. Ny planprosess i samsvar med utarbeida flytskjema er komen i gong.

Hovudutfordringa i arbeid med planar og då særleg nye bustadfelt har vore å ha kontroll med dei ulike milepelane i planprosessen. Før ein kan byggje ein bustad i eit byggefelt må det ligge føre godkjent reguleringsplan, godkjent teknisk plan, vedtak for byggemodning av feltet og vedtak om kommunal overtaking av feltet, i den nemnde rekkefølgja. Det er vesentleg at prosessen vert styrt etter desse milepælane. Planavklaringsmøta sikrar at alle involverte blir gjort ansvarleg og at kvar milepæl blir nådd før ein går vidare. Referat med konklusjonar skal føreligge på alle planavklaringsmøta.

Det er jobba mykje med at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om heile prosessen allereie på oppstartsmøte. Flytskjema og sjekklister blir levert ut til forslagstillar og det blir gitt informasjon om alle krav til prosessen. Det er i tillegg laga eit dokument som viser forventa sakshandsamingstider. Handsaming av reguleringsplanar har lovpålagte fristar, men det er nå og lagt inn sakshandsamingstider for teknisk plan. Dette vil gje langt meir føreseielege rammer for forslagsstillar.

Planavklaringsmøte – anna kvar veke

Fast oppsett møtetid som skal nyttast til oppstartsmøte for nye reguleringsplanar, overleveringsmøte og 0-møte. Møta skal og nyttast i prosessen ved utarbeiding av teknisk plan etter planvedtak. Desse møta erstattar skriftlege interne høyringar og skal sikre at representantar frå ulike fagområde i kommunen er tilstade ved dei ulike milepælane. Fast møtetid sikrar at ein har tid til å halde møte innanfor dei tidsfristar som forvaltningslova gir.

Oppstartsmøte: Møte med tiltakshavar/konsulent.

Overleveringsmøte: Møte der tiltakshavar/konsulent overleverer planforslaget eller teknisk plan

0.-møte: gjennomgang av innlevert planforslag før 1.gangshandsaming. Erstattar skriftleg intern høyring i kommunen.

Prosjektet «Plan frå A-Å» er ikkje ferdigstilt. Det står att noko arbeid med sjekklister og godkjenningbrev for teknisk plan. I tillegg må normene ferdigstillast. Prosjektet skal ferdigstillast og evaluerast for ev. forbetringar innan utgongen av 2016. Norm for leike- og uteareal vil vere på plass innan fristen, men det vil vere avhengig av samarbeidet med HIM-kommunane om vegnorm kan vere på plass. Planprosess med rutinar og sjekklister skal årleg vurderast og evaluerast gjennom RISK.

Avklaringsmøte – kvar veke

Møte mellom einingsleiar EAF og EKT for å diskutere saker og problemstillingar som angår begge einingar, eller der den eine er avhengig av kva den andre gjer.

Lagring av dokument i websak

Websak er kommunen sitt arkivsystem, og einingane nyttar dette i sitt daglege arbeid. Kommunen har frå 01.01.2016 gått over til fulldigitalt arkiv. Det er etablert ei ordning for digital godkjenning i websak som erstattar manuell signatur. Frå og med nyttår skal alle saksdokument berre registrerast i websak og arkivmapper i papir utgår. Saksdokument som kjem inn på papir skal berre oppbevarast i 3 månadar som sikkerhetskopi.

Generelt

Frå dei aktuelle einingane sitt synspunkt førte ikkje revisjonen med seg ny kunnskap om forbetringsområde, men den gav ei stadfesting på at dei prosessar ein allereie hadde sett i gong er velgrunna og naudsynte. I tida frå prosjektet starta til nå, har ein sett det som naudsynt å fleire gonger korrigere arbeidsmåtar og rutinar, etter kvart som ein får prøvd ut korleis dei fungerer i praksis. Ei slik korrigerings må påreknast også etter at prosjektet er å sjå på som avslutta.

Arbeidet med saksgang, normer og prosedyrar har vore diskutert med representantar for utbyggerar i fleire møter. Dette vil ein også halda fram med, ettersom ein ser det som verdifullt å avstemme kommunen sine saksprossar mot dei som er våre kundar. Kommunen ønskjer å få til betre kommunikasjon med byggebransjen og vil derfor etablere eit årleg bransjemøte, der dei fleste aktørane som er inne i ein byggesak vert invitert.

I revisjonsprosessen vart det tatt opp at einingane er svært sårbare i og med at det er lite overlapping av kunnskap og fagområde. Ei langtidssjukemelding kan gi store utslag for evna einingane har til å utføra god sakshandsaming innanfor dei tidsfristar som gjeld. Dette kjem ikkje fram i revisjonsrapporten.

Framdriftsplan

Oppfølgingspunkt	Frist
VA-norm- med liste over unntak	Vår 2016
Sjekkliste teknisk plan	Vår 2016
Godkjenningbrev teknisk plan	Vår 2016
Norm for leike- og uteareal	Haut 2016
Saksbehandlarkurs	Haut 2016
Interkommunal vegnorm	Haut 2017
Byggesak frå A-Å	Vår 2018

Kristian Birkeland
Rådmann

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	24.02.16	03/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2015

Saksvedlegg: Framlegg til årsmelding 2015

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2015 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2015 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering .

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2015.

INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Vindafjord kommunestyre tek årsmeldinga for 2015 frå kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 17.02.16



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2015



KONTROLLUTVALET I
VINDAFJORD KOMMUNE

INNLEIING

Kommunelova kapittel 12 handlar om internt tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal føra det løypande tilsyn (§ 77). Kontrollutvalet er altså eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll. I følgje kommunelova § 77 pkt 6 skal *"kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget"*.

1. OM KONTROLLUTVALET

